

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i 1957.

Noreg har vori med i den 12. generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane og på andre internasjonale møte. Noreg er valt til medlem av nedvæpningskommisjonen i Dei sameinte nasjonane.

Noreg har teki aktivt del i tingingane om å skipa eit europeisk frihandelsområde. Det internasjonale samarbeidet elles på det økonomiske området og om den fredelige bruken av atomenergien er ført vidare. Det er slutta ei rekkje handelsavtalar.

Med Sovjet-samveldet er det m. a. gjort avtalar om grensa mellom norsk og sovjetisk sjøterritorium i Varangerfjorden og om utnytting av vasskrafta i Pasvikelva.

Det er gjort kulturavtalar med fleire land.

Det har vori arbeidd mykje med å få løyst spørsmålet om skadebot til dei politiske fangane under krigen.

Arbeidet er i gang med å modernisera Forsvaret etter dei hovudretningsliner som Stortinget fastsette i 1956.

Vernebuinga er i all hovudsak på det planlagde nivået. Avdelingar av Heren på om lag 500 mann gjer framleis teneste i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda.

Materiell-leveransar under Våpenhjelp-programmet har gjort det mogleg å utstyra avdelingane våre med det materiell dei treng. Marinen er styrkt med skip vi har lånt frå Canada.

Folkemengda var pr. 1. januar 1958 3 513 000 eller om lag 1 prosent høgre enn året før.

Talet på sysselsette lønsmottakarar var hausten 1957 rundt 1 prosent høgre enn hausten 1956. Sysselsetjinga auka sterkast i byggje- og anleggsverksemd og i varehandel, medan talet på sysselsette i jordbruk og lønt husarbeid gjekk ned.

Den samla produksjonen av varer og tenester auka med om lag 3 prosent. Det meste av

oppgangen skreiv seg frå auka produksjon i industri og skipsfart.

Avgrensinga av forbruket av mineralolje vart teken bort i april.

Førebels oppgaver over v a r e b y t e t med utlandet viser at innførsla utanom skip kom opp i vel 7,6 milliardar kroner, og utførsla utanom skip opp i 5,5 milliardar kroner. Dette er i same fylgd 500 mill. og 250 mill. kroner meir enn året før. Bytetilhøvet var om lag som i 1956. Nettofraktinntektene for norske skip i utanriksfart auka med 400 mill. kroner. Det var eit overskott på driftsbalansen på 50 mill. kroner mot eit underskott i 1956 på 65 mill. kroner.

Vinninga av jordbruket gjekk noko ned. Mykje nedbør førde til store avlingar av høy og grønfor, men avlingane av korn, poteter og rotvokstrar låg under eit medels år. Fruktavlinga var mykje mindre enn i rekordåret 1956, men husdyrproduksjonen var noko større enn året før.

I skogbruket var driftsvilkåra stort sett gode. Det vart truleg avverka ca. 8,5 mill. m³ bartretømmer til sal, eller om lag like mykje som året før.

Årsfangsta i fisket er førebels rekna til rundt 1,5 mill. tonn. Det er langt mindre enn rekordfangsta i 1956.

Vinninga av kvalfangsta var monaleg høgre enn året før.

Produksjonen i bergverk og industri auka med rundt 5 prosent. Framvokst-eren var sterkåre i utførsleindustrien enn i heimeindustrien. Serleg sterk produksjonsauke var det ved råjern-, stål- og valseverka, og i ferrolegeringsindustrien. I olje- og feittindustrien var produksjonen noko lågare enn i 1956, mest for di vintersildfisket var dårlegare. Elles auka tilverknaden i dei fleste bransjane.

Elektrisitetsproduksjonen var bortimot 9 prosent større enn året før. Om lag 98,5 prosent av folket har no elektrisk kraft.

Nedgangen i byggje- og anleggsverksemda stansa opp. Det vart sett i gang fleire bygg og gjevi fleire byggjeløyve enn i 1956. Ein reknar med at det vart bygd ferdig om lag 25 000 husvære.

Handelsflåten auka i dei tre fyrste kvartala med over 0,5 mill. tonn og var pr. 1. oktober 1957 på nærmare 8,5 mill. brutto-tonn.

Om lag 55 prosent av tilgangen var tanktonnasje. I same tidsromet vart det kontrahert snautt 0,7 mill. bruttotonn ved norske og utanlandske verkstader. Fraktene fall sterkt, og i slutten av året låg norske skip på om lag 250 000 bruttotonn i opplag.

Den innanlandske samferdsla synte ny oppgang. Serleg sterkt auka flytrafikken, men også ferdsla med rutebil gjekk opp. Trafikken med jarnbanene var om lag som året før. Talet på innreiste utlendingar var det høgste som nokon gong er registrert.

Prisnivået var nokolunde stabilt. Engrosprisindeksen heldt seg så godt som uforandra, men levekostnadsindeksen steig med 2 prosent.

Dei private inntektene auka om lag 7 prosent. Det var mest ingen tariffoppgjer, men inntekta åt lønsmottakarane steig likevel nære på 8 prosent, m.a. for di tariffoppgjera i 1956 berre slo ut i siste delen av året. Bønder og fiskarar hadde til saman mindre inntekt enn i 1956, medan andre næringsdrivande hadde ei inntektsstiging på vel 8 prosent.

Det private forbruket auka med om lag 2,8 prosent.

Det offentlege forbruket var noko større enn året før.

Bruttoinvesteringa i fast kapital auka med om lag 3,5 prosent frå året før. Også varelagra gjekk noko opp.

Penge- og kredittpolitikken tok som før serleg sikte på å stramma til kredittmarknaden for å bremse på investeringsaktiviteten. Likviditeten åt bankane vart noko strammare, medan dei likvide midlane til publikum auka noko. Staten tok opp faste, innanlandske lån for ca. 490 mill. kroner. Dei utanlandske låneopptaka var små.

Statens budsjettrekneskap for 1956-57 vart oppgjord med eit overskott på 66 mill. kroner. Både utgifter og inntekter synte stiging.

Den finansielle stoda til kommunane var framleis stort sett god.

Barnevernet vart vidare utbygd. Det vart vedteki ei ny lov om forskottering av oppfost-ringstilskott.

Alkoholforbruket og talet på drukkenskapsmisferder var om lag som året før.

Helsetilstanden i landet var bra. Landet vart råka av den såkalla Asia-sjuken i september. Denne influensaen spreidde seg over heile landet og kulminerte i november. Epidemien råka i stor mon skuleborn. Sjukdomsgangen var stort sett lett. Det var færre tilfelle av polio-

myelitt enn noko år sidan hundreårsskiftet, då sjukdomen tok til å gå som årviss epidemi i Noreg. For fyrste gong sidan 1860, då det vart innført meldeplikt her i landet for farlege smittsame sjukdomar, vart det ikkje meldt noko tilfelle av difteri. Talet på nye tilfelle av tuberkulose gjekk ned, men tuberkulosen er framleis den mest utbreidde av dei alvorlege smittsame sjukdomane.

Krinslaupsjukdomar og kreft var framleis dei vanlegaste dødsårsakene mellom vaksne, medan trafikkulykker og drukkingsulykker var dei viktigaste dødsårsakene mellom born. Det var færre dødsfall i spebarnsalderen.

Talet på plassar i sinnssjukehus auka med vel 200, i psykiatriske pleieheimar med om lag 200, i åndsveikeheimar med ca. 200 og i epileptikarsjukehus med 25.

Føresegnene om einerett for Norsk Medisinaldepot til å føra inn og føra ut apotekvarer og gifter tok til å gjelda 1. november.

Frå årsskiftet 1956-57 vart det sett i gang overføring av i alt 1 400 ungarske flyktningar til Noreg. I samarbeid med kommunar, organisasjonar og flyktingenemnder har det lykkast å skaffa arbeid og hus til dei aller fleste av dei nye flyktingane.

Det er skipa 50 nye residerande kapellanembete og 69 kallskapellanembete ved omgjeving av lågare stillingar.

I Nord-Hålogaland bispedøme vart det under krigen øydelagt 21 kyrkjer og kapell. Av dei er 7 oppattbygde og 7 i arbeid.

Eleventalet auka i alle skuleslag.

I mange kommunar er det reist nye skulebygg.

For tida er 17 nye yrkesskular for handverk og industri under bygging, og mange skular er utvida og moderniserte. Lærlinglova vart sett i kraft for 8 nye fag. Lova gjeld no for 37 handverksfag, 3 industrigreiner og for 5 andre fag.

Lov frå 6. juli 1957 om handelsgymnas og yrkesskular for handel og kontorarbeid tok til å gjelda 1. august.

Utbygginga av spesialskulane held fram. Det er gjevi løyving til 6 nye skular for tunghørde og for evneveike, for born med talevanskar og for born og ungdom med tilpassingsvanskar. Ved 3 av skulane er arbeidet sett i gang.

Det vart sett i verk ny stipendskipnad for elevar ved gymnas, statsrealskular og folkehøgskular, og for studentar ved universitet, høgskular og lærarskular m.m. Stipendskipnaden vart utvida slik at han også gjeld elevar

ved tekniske skular. Ordninga med skysstilsnitt til elevar i framhaldsskulen er og gjort gjeldande for elevar i andre vidaregåande skular.

Studenttalet ved universiteta og høgskulane var i haustsemestret til saman om lag 6 000, dvs. 600 fleire enn året før. På same tid var det 2500 norske studentar i utlandet, om lag 100 fleire enn i 1956. Arbeidet held fram med å byggja ut og effektivisera dei akademiske institusjonane slik at kapasiteten kan aukast og vitskapsmenn og studentar få betre arbeidsvilkår. Nybygg og nye rom er tekne i bruk ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og Noregs tekniske høgskule. Nye byggjearbeid er i gang eller under førebuing ved alle lærestadene.

Statens lånekasse for studerande ungdom er i stendig vokster og spelar no ei stor rolle for finansiering av studiar.

Utbygginga av det frie kulturarbeidet held fram. Riksteatret hadde i alt 706 framsynningar. Den Norske Opera vart konstituert som eit aksjeselskap i samsvar med dei retningsliner som er lagde fram for Stortinget.

Det frie studiearbeidet med foredragsverksemd, studieringar og kveldsskular er i jamn vokster. Folkeakademia skipa til om lag 2200 foredrag. Talet på studieringar var om lag 4 500, og elevtalet ved dei frie kveldskursa var i alt om lag 50 000.

Av overskottet i Norsk Tipping A/S vart det til vitskaplege formål delt ut 22,8 mill. kroner og til idrettsformål 8,2 mill. kroner.

Gjevi på Oslo slott 17. januar 1958.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern